



## MØTEBOK

<b>Organ</b>	<b>Kontrollutvalet</b>
<b>Møtestad</b>	<b>Fylkeshuset, møterom Skåla</b>
<b>Møtedato</b>	<b>27.05.2014</b>
<b>Kl.</b>	<b>09:00 - 12:30</b>

**Faste medlemmer til stades:**

**Arve Mjømen, Per Rune Vereide, Kari Maria Rutle  
Fjærestad, Kåre Jarl Langeland, Turid Vassliås  
Borgund**

**Forfall til møtet:**

**Varamedlemmer til stades:**

**Til stades med møte- og talerett:**

**Fylkesrådmann Tore Eriksen (sak 20/14, 27/14 pkt.  
1 og 7; Nils Geir Myrkaskog (sak 20/14); Ingvild  
Ramstad (sak 27/14, pkt. 1); Bjørn Birger Bremer  
(sak 21/14, 27/14, pkt. 2 og 3); Knut Henning  
Grepstad (sak 21/14)**

**Ingvar Linde, SF revisjon (sak 20/14, 21/14, 27/14  
pkt. 1, 2, 3, 5, 6, 7)**

**Øyvind Midtbø Berge (sak 20/14, 21/14, 27/14  
pkt.1, 7), Gunnar Husabø (sak 20/14, 21/14, 23/14,  
24/14, 25/14, 27/14 pkt. 1, 2, 3, 5, 6, 7)**

**Sekretariat for møtet:**

**Einar Ulla**

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Utvalet tok stilling til om kva saker som skal vere opne/lukka.

Kontrollutvalet vedtok samrøystes at sak nr. 27/14, pkt. 7 vart handsama for lukka dører, jf. kommunelova § 31, nr. 4, jf. OFL § 23.1, og at sak 27/14 pkt. 9 vart handsama for lukka dører jf. kommunelova § 31 nr. 5, jf. OFL § 23.1

Møtebok frå 07.05.14 vart godkjend utan merknader.

## **SAK 20/14      Kontrollutvalet sin uttale til årsrekneskapen 2013**

### **Dette gir følgende VEDTAK:**

1. Kontrollutvalet vedtek uttale til årsrekneskapen 2013 for Sogn og Fjordane fylkeskommune slik den ligg føre.

-----

## **SAK 21/14      Kontroll av praktisering av arbeidsvilkåra for folkevalde**

### **Framlegg til vedtak:**

#### **Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gje slik tilråding:**

#### **Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Fylkestinget tar rapporten frå SF-revisjon om fylkeskommunen sitt reglement om arbeidsvilkår for folkevalde til vitande.
2. Fylkestinget viser til konklusjonen til revisjonen, og ber fylkesrådmannen om ei avklaring av omgrepet «alle verv vedkomande har» i pkt. 1.4 i reglementet, og at praksisen med full erstatning for tapt arbeidsforteneste for fråvær mellom 6 – 8 timar blir vurdert ev. ved ei endring i reglementet, jf. fylkesrådmannen sin merknad til rapporten.

### **Handsaming:**

Per Rune Vereide og Turid Vassliås Borgund ynskte å få sin habilitet i saka vurdert. Knut Henning Grepstad vurderte heile kontrollutvalet til å vere habile til å handsame saka.

### **Endringsframlegg frå Per Rune Vereide:**

Nytt pkt. 3:

Fylkestinget ber om å få framlagt ei sak til handsaming i oktober som oppfølging av pkt. 2 i vedtaket.

### **Avrøysting:**

Tilrådinga i tillegg til endringsframlegget vart samrøystes vedteke.

### **Dette gir følgende VEDTAK:**

#### **Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Fylkestinget tar rapporten frå SF-revisjon om fylkeskommunen sitt reglement om arbeidsvilkår for folkevalde til vitande.
2. Fylkestinget viser til konklusjonen til revisjonen, og ber fylkesrådmannen om ei avklaring av omgrepet «alle verv vedkomande har» i pkt. 1.4 i reglementet, og at praksisen med full erstatning for tapt arbeidsforteneste for fråvær mellom 6 – 8 timar blir vurdert ev. ved ei endring i reglementet, jf. fylkesrådmannen sin merknad til rapporten.

3. Fylkestinget ber om å få framlagt ei sak til handsaming i oktober som oppfølging av pkt. 2 i vedtaket.

-----

**SAK 22/14      Årsmelding 2013 - Kontrollutvalet**

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Årsmelding 2013 for kontrollutvalet vert godkjent slik den ligg føre.

**Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Årsmelding 2013 for kontrollutvalet vert teken til orientering.

-----

**SAK 23/14      Forvaltningsrevisjon av innkjøp - oppfølging av vedtak i FT-sak 28/13**

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Kontrollutvalet tek rapporten datert 12.05.14 frå fylkesrådmannen til vitande.
2. Kontrollutvalet ber om ny rapport innan 1. oktober 2014.

-----

**SAK 24/14      Forvaltningsrevisjon 2010 - Byggeprosjekt i Sogn og Fjordane - oppfølging av rapport**

**Framlegg til vedtak:**

**Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Kontrollutvalet tek rapporten datert 22.04.14 frå fylkesrådmannen til vitande.
2. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen om tilbakemelding om rutineane vedrørende handsaming av prosjektrekneskapa knytt til vegprosjekt.

Endringsframlegg som kom fram i møtet:  
Pkt 2 endrast til:

Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen om tilbakemelding om rutine vedrørende handsaming av prosjektrekneskapa knytt til vegprosjekt innan utgangen av 2014.

**Avrøysting:**

Tilråding og endringsframlegg vart samrøystes vedtekne.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Kontrollutvalet tek rapporten datert 22.04.14 frå fylkesrådmannen til vitande.
2. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen om tilbakemelding om rutine vedrørende handsaming av prosjektrekneskapa knytt til vegprosjekt innan utgangen av 2014.

-----  
**SAK 25/14      Forvaltningsrevisjon - Tildeling og oppfølging av tilskot - bestilling**

**Framlegg til vedtak:**

**Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon «Tildeling og oppfølging av tilskot» etter vurdering av formål og problemstillingar i vedlagte bestilling
2. Bestillinga vert gjort med atterhald om at fylkestinget vedtek revidert plan for forvaltningsrevisjon med dette prosjektet som prosjekt nr. 1

Endringsframlegg frå Per Rune Vereide:

Problemstilling nr. 7 i bestillinga vert endra til:

Er det etablert tilstrekkelege rutinar for koordinering og samhandling mellom avdelingane i fylkeskommunen, i tilfelle der det kan vere aktuelt at fleire avdelingar tildeler tilskot til same verksemd eller føremål.

**Avrøysting:**

Tilrådinga vart samrøystes vedteken med endringa av problemstilling nr. 7 i bestillinga.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon «Tildeling og oppfølging av tilskot» etter vurdering av formål og problemstillingar i vedlagte bestilling
2. Bestillinga vert gjort med atterhald om at fylkestinget vedtek revidert plan for forvaltningsrevisjon med dette prosjektet som prosjekt nr. 1

-----  
**SAK 26/14      Oppfølgingsliste 4/2014**

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Oppfølgingsliste 4/2014 vert teken til vitande

-----

**SAK 27/14      Skriv, meldingar og orienteringar kontrollutvalet  
27.05.14**

**Følgjande skriv, meldingar og orienteringar vart handsama i møtet:**

1. Pressemeldingar frå kontrollutvalet
  - a. Rutinar
  - b. Opplevingar av arbeidet med pressemeldingar

*Temaet vart diskutert. Diskusjonen vart teken til orientering.*

2. Varsling i fylkeskommunen – orientering ved fylkesrådmannen

*Assisterande fylkesrådmann orienterte om varsling og varslingsrutinar i fylkeskommunen. Orienteringa vart teken til vitande.*

3. Internkontroll – orientering frå assisterande fylkesrådmann

*Assisterande fylkesrådmann orienterte om status på internkontrollarbeidet i fylkeskommunen. Orienteringa vart teken til vitande.*

4. Orientering om endring av varamedlemskap til kontrollutvalet

*Brev sendt til varamedlem som har flytta ut av fylket vart distribuert til utvalsmedlemmane. Brevet vart teke til etterretning.*

5. MVA-kompensasjon – kopi av brev frå Rogaland revisjon til kontrollutvalet i Rogaland fylkeskommune

*Kopi av brev frå Rogaland revisjon vart teke til orientering.*

6. Tertialrapport 1/2014

*Tertialrapporten vart teken til orientering.*

7. Status forvaltningsrevisjon
  - a. Status FR Samhandling

*Val av prosjekt vart diskutert etter at utvalsleiar, revisor og kontrollsjef hadde motteke brev frå fylkesrådmann med innspel i saka. Utvalet vil gjere ei vurdering og endeleg bestemme seg for prosjekt i neste kontrollutvalsmøte, som er 17. juni.*

8. Informasjon frå NKRF
  - a. E-info 4/14

*Informasjonen frå NKRF vart diskutert og teken til vitande.*

9. Orientering frå leiar og kontrollsjef

*Leiar i kontrollutvalet orienterte utvalet om informasjonen som var gitt i fylkesutvalet om Fjord1 AS. Orienteringa vart teken til vitande.*

-----